

# Når ve-gen fell tung

Johannes H.L. Rydland.

A handwritten musical score for a voice part, consisting of five staves of music. The music is in common time, with a key signature of one flat. The vocal line starts with a melodic line that descends from a high note, followed by a recitation mark, and then continues with a series of eighth and sixteenth notes. The lyrics are written below each staff. The first staff contains the lyrics "Når ve-gen fell meg tung-sam, og verd-i star seg utrang.". The second staff contains "Eg gjeng so eun-sam jam-vel mü-om brö-der. När vind-en". The third staff contains "ber i mot, og vil hind-ra all min gang, og i mitt inare". The fourth staff contains "hjar-te-sär-i blö-der kvar henne funnit vel luke-je-dom som". The fifth staff contains "grö-der.".

Når ve-gen fell meg tung-sam, og verd-i star seg utrang.

Eg gjeng so eun-sam jam-vel mü-om brö-der. När vind-en

ber i mot, og vil hind-ra all min gang, og i mitt inare

hjar-te-sär-i blö-der kvar henne funnit vel luke-je-dom som

grö-der.

## N Å R V E G E N F E L L T U N G .

Eigen tone.

Når vegen fell meg tungsam, og verdi slær seg vrang --.  
eg gjeng so einsam, jamvel millom bröder.  
Når vinden ber i mot, og vil hindra all min gang,  
og i mitt indre hjartesåri blöder.  
Kvarhenne finnst vel läkjedom som gröder?

Når likamshelsa sviktar, og krafti fer sin veg,  
og tvil og sut mitt sinn og hjarta trykkjer.  
Når fatigdom og armod, dei spör seg fram til meg,  
og lekkjbind meg ettersom dei tykkjer,  
Og alle mine planar gjeng i stykkjer - - -.

Når syndelysti vaknar, med sterke, heite trå,  
og rettar mot meg tusund fangearmar:  
Eg kjenner hug å falla, just der eg skulde stå,  
mitt vonde "kjöt" mitt eige samvit harmar.  
Og vonde magter kring meg lær og larmar.

### *i mi oraünd*

Då, (~~Hjelpelaus~~) eg skodar mot Jesu Kristi kross:  
Der er då hjelp mot alt som ned meg tyngjer!  
Han med sin soningsnåde stend millom Gud og oss.  
Mi arme, tröytte själ han upp att yngjer,  
so hjarteglad eg ofte gjeng og syngjer.

Det og er godt å vita: i denne vonde verd,  
med all si naud, eg skal 'kje alltid vera.  
Den "Adamsarv" eg fekk, som av ormens gift vart särd,  
eg berre her ei liti stund skal bera.  
I Himlen skal han ingen skade gjera.

Der renn ein ævemorgon, i Himmelstråleglans,  
og sol med sela under sine vengjer.  
Mitt auga skodar Kongen, i fagerdomen hans,  
og Himlens lyst mitt hjarta gjenomtrengjer.  
For livsens sela ingen meire stengjer.

Johs. M. L. Rydland.